

MØTEBOK

| | |
|-----------------|--|
| Organ | Hovudutval for næring og kultur |
| Møtestad | Fylkeshuset, møterom Firda |
| Møtedato | 24.11.2015 |
| Kl. | 12:00 – 15:15 |

Faste medlemer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar
Aleksander Øren Heen, Sp
Erlend Haugen Herstad, Sp
Hilmar Høl, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Marita Gunn Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett: **Fylkesdirektør Jan Heggheim**
Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.
Hovudutvalet vedtok at sak nr. 20/15 Fylkeskulturprisen 2015 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5.

Møtebok frå 27.10.2015 vart godkjend utan merknader.

Orientering:

Adm. direktør i Fjord Norge Kristian B. Jørgensen orienterte om Fjord Norge sin aktivitet og deira bruk av fylkeskommunale tilskotsmidlar.

SAK 5/15 Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane. Satsinga landbruk vert lagt ut for høyring

VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:

1. Dokumentet «Landbruk i verdiskapingsplanen» vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 15. februar 2016.
 2. Satsinga skal innarbeidast som del av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane.
-

SAK 6/15 Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016 - 2019

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek bestillinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019.
2. Fylkestinget føreset at fylkeskommunane nyttar høvet til å koma med supplerande føringar i samband med årsrapporteringane, slik at fondsstyret får dei definerte målsetjingane frå fylka å arbeida med, som retningslinjene tilseier.

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slike vedtak:

Som saksordførar i fylkestinget vert vald: _____

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet sette fram slik framlegg til saksordførar: Jakob Andre Sandal, SV

Høgre og Framstegspartiet sette fram slik framlegg til eit pkt 3:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber styret i regionalt forskingsfond Vestlandet om å legge inn følgjande prioriterte forskingstema i sitt arbeid:

Teknologiutvikling basert på digitale forretningsmodellar tilpassa den eksponensielle naturen i internettøkonomien (eksempel: Spotify, Uber, Tesla Motors forretningsmodell for bil/software-opgraderinger, 3D).

Avrøyting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen punkt 1 og 2 og endringsframlegget frå Høgre og Framstegspartiet til eit punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Arbeiderpartiet sitt framlegg til saksordførar vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:

1. Fylkestinget vedtek bestillinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019.
2. Fylkestinget føreset at fylkeskommunane nyttar høvet til å koma med supplerande føringer i samband med årsrapporteringane, slik at fondsstyret får dei definerte målsetjingane frå fylka å arbeida med, som retningslinjene tilseier.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber styret i regionalt forskingsfond Vestlandet om å legge inn følgjande prioriterte forskingstema i sitt arbeid:

Teknologiutvikling basert på digitale forretningsmodellar tilpassa den eksponensielle naturen i internettøkonomien (eksempel: Spotify, Uber, Tesla Motors forretningsmodell for bil/software-opgraderinger, 3D).

Som saksordførar i fylkestinget vart vald: Jakob Andre Sandal, SV

SAK 7/15 Regionale utviklingsmidlar 2015 fordeling 4

VEDTAK:

1. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert støtta med 200 000 kroner til forprosjektet «Grønt skifte-grøn vekst basert på avfall som ressurs» i 2016.
2. Vestnorsk Filmkommisjon vert støtta med 300 000 kroner i driftsstøtte i 2016.
3. Næringsavdelinga vert støtta med 500 000 kroner til dekning av breibandprosjektet i 2016.
4. Næringsavdelinga vert støtta med 600 000 kroner til ei stilling som sikrar Noregs Forskningsråd sin representasjon i fylket for ein treårsperiode frå 2016-2018.
5. Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til å lage TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.
6. Bygge- og eigedomstenesta vert støtta med 150 000 kroner i anleggsbidrag ved utbygging av varmeanlegg ved Mo- og Øyrane vidaregåande skule, avd. Mo.
7. IT-forum Sogn og Fjordane vert støtta med 500 000 kroner i driftsstøtte for 2015.
8. Fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert støtta med 120 000 kroner fordelt med 60 000 kroner for 2016 og 60 000 kroner for 2017 til ei prosjektstilling innafor akvakulturforvaltning.
9. Tilskota vert finansiert slik:

1. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Vestnorsk Filmkommisjon, bygge- og eigedomstenesta og fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert dekka med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.
 2. Midlane til breibandprosjektet vert dekka med disponible regionale utviklingsmidlar frå budsjett 2015, opphavleg avsett til nyskaping.
 3. Finansiering av stillinga til Noregs Forskningsråd vert henta frå budsjetterte midlar til satsinga kunnskap for 2015, tenesteområde 2018 kunnskap.
 4. Tilskotet til IT-Forum vert dekka med avsette midlar i budsjett for 2015, tenesteområde 2011 Kommunikasjonsteknologi.
-

**SAK 8/15 Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond
frå 01.01.2016**

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016 i tråd med endringar føreslått i vedlegg 1.
-

SAK 9/15 Kommunale næringsfond 2015 - tildeling nr. 2

VEDTAK:

1. HAFS Utvikling AS får innvilga søknad om stimuleringstilskot for felles næringsfond og førstelineteneste til ein samla sum på kr. 250 000 i 2015. Stimuleringstilskota vert fordelt slik:
 - Kommunane Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 50 000 kvar for felles næringsfond i 2015.
 - Kommunane Askvoll, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 50 000 kvar for felles førstelineteneste i 2015.
 2. Tilskotet vert dekka med avsette midlar til kommunale næringsfond i 2015, tenesteområde 2015 Nyskaping.
-

**SAK 10/15 Vurdering av søknadar til Marint verdiskapingsfond
2015**

VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune finn ikkje at dei tre prosjekta som er vurdert relevante for finansiering utifrå fondet sine vedtekter, har ein slik kvalitet at dei er mogne for finansiering gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.
 - 2 Fylkeskommunen vil i denne omgang ikkje gje finansiell støtte til nokon av søknadane.
 - 3 Det vert gjennomført ein ny utlysing i Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane allereie i 2015 slik at desse søkerane, til like med nye søkerarar, raskt kan søke prosjektfinansiering frå fondet.
-

SAK 11/15 Forlenging av planperiode, og rullering av handlingsprogram for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019.

VEDTAK:

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-17 vert forlenga t.o.m. 2019.
 2. Handlingsprogram for aktivitetsskapande tiltak 2016–19 vert vedteke som i vedlegg 1.
 3. Handlingsprogram for anlegg 2016–2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 2.
 4. Langtidsprogram for anlegg etter 2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3.
-

SAK 12/15 Konsekvensar av ei mogleg lisensordning for pengespel - høyningsuttale

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutval næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet meiner at ordninga med dagens eimerettsmodell fungerer godt, og rår til at denne ordninga vert vidareført.
2. Om dagens ordning vert endra til ein lisensmodell er det viktig å avklare korleis frivillig sektor sine inntekter gjennom spelemidlane, samt dagens finansielle bidrag til kunst og kultur, skal sikrast. Fylkesutvalet føreset at finansieringa av desse områda ikkje vert skadelidande som følgje av ei ev. omlegging.
3. Tiltaka som i dag er sett i verk for ansvarleg spel vert tilrådd vidareført uavhengig av kva reguleringsmodell som vert valt. Dette omfattar både tiltak overfor operatørar i marknaden og overfor spelarane.
4. Omsynet til personvern for spelarane er ikkje eit tungt nok argument mot å sette i gang gjennomgripande tiltak for ansvarleg spel.

Endringsframlegg:

Anne Lilleaasen, H og Marita Aarvik, Frp sette fram slikt framlegg til tilråding i staden for tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Fylkesutvalet meiner at utviklinga i teknologi og nye spelvanar har ført til eit behov for å endre dagens ordning for pengespel. Endringane må innebære at fleire aktørar får hove til å få lisens for å drive pengespel i Norge, men likevel underlagt streng regulering for å ivareta personar med spelproblem, og inntektene til idrett og frivillig sektor.
2. Om dagens ordning vert endra til ein lisensmodell er det viktig å avklare korleis frivillig sektor sine inntekter gjennom spelemidlane, samt dagens finansielle bidrag til kunst og kultur, skal sikrast. Fylkesutvalet føreset at finansieringa av desse områda ikkje vert skadelidande som følgje av ei ev. omlegging.
3. Tiltaka som i dag er sett i verk for ansvarleg spel vert tilrådd vidareført uavhengig av kva reguleringsmodell som vert valt. Dette omfattar både tiltak overfor operatørar i marknaden og overfor spelarane.

Avrøysting:

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå fylkesrådmannen og endringsframlegget frå Anne Lilleaasen, H og Marita Aarvik, Frp. Framlegg frå Anne Lilleaasen, H og Marita Aarvik, Frp fekk 2 røyster (H og Frp) og vart dermed forkasta. Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 7 røyster og vart dermed vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet meiner at ordninga med dagens enerettsmodell fungerer godt, og rår til at denne ordninga vert vidareført.
2. Om dagens ordning vert endra til ein lisensmodell er det viktig å avklare korleis frivillig sektor sine inntekter gjennom spelemidlane, samt dagens finansielle bidrag til kunst og kultur, skal sikrast. Fylkesutvalet føreset at finansieringa av desse områda ikkje vert skadelidande som følgje av ei ev. omlegging.
3. Tiltaka som i dag er sett i verk for ansvarleg spel vert tilrådd vidareført uavhengig av kva reguleringsmodell som vert valt. Dette omfattar både tiltak overfor operatørar i marknaden og overfor spelarane.
4. Omsynet til personvern for spelarane er ikkje eit tungt nok argument mot å sette i gang gjennomgripande tiltak for ansvarleg spel.

SAK 13/15

Tusenårsstaden Gulatinget - ny strategi og avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune.

VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Ny strategi for utvikling av Gulatinget 2016-2020, jf. vedlegg 1, vert godkjent.
2. Ny avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune om utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden Gulatinget, jf. vedlegg 2, vert godkjent.

Som saksordførar i fylkestinget vart valt: Torbjørn Vereide, Ap

SAK 14/15 Revisjon av reglementa for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala m.m.

VEDTAK:

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Reglementet for fylkestinget vert vedteke i samsvar med vedlegg 1.
 2. Reglementet for sakshandsaming i politiske utval vert vedteke i samsvar med vedlegg 2.
 3. Reglementet for fylkesutvalet vert vedteke i samsvar med vedlegg 3.
 4. Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur vert vedteke i samsvar med vedlegg 4.
 5. Reglementet for hovudutvalet for samferdsle vert vedteke i samsvar med vedlegg 5.
 6. Reglementet for hovudutvalet for opplæring vert vedteke i samsvar med vedlegg 6.
 7. Reglementet for folkevalde sin innsynsrett vert vedteke i samsvar med vedlegg 7.
-

SAK 15/15 Val av styremedlemer til Botnaneset Industriselskap

VEDTAK:

Følgjande vert utnemnde til styremedlemer i Botnaneset Industriselskap AS:

Styremedlem: Åshild Kjelsnes, Ap

Personleg varamedlem: Sigurd Reksnes, Sp

Styremedlem: Aleksander Øren Heen, Sp

Personleg varamedlem: Hilmar Høl, Ap

SAK 16/15 Lutelandet Utvikling - styrekandidatar

VEDTAK:

Det vert valt nye styremedlemar i Lutelandet Utvikling as når dei nye vedtekene er vedtekne.
Inntil vidare vil dagens styremedlemer frå fylkeskommunen halde fram.

SAK 17/15 Oppnemning av representantar til styre, råd og utval

VEDTAK:

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter - styremedlemer:

Medlem: Anne Lilleaasen, H

Vara: Arve Mjømen, H

Medlem: Nils R. Sandal, Sp

Vara: Steinar Sørli

Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter - styremedlem:

Medlem: Hallvard Oppedal, Sp

Vara: Harald Bjarte Reite, Ap

Stiftinga Norsk Countrytreff - representantskapen:

Medlem: Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Vara: Jakob Andre Sandal, SV

Stiftinga Balejazz – representantskapen:

Medlem: Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Vara: Jakob Andre Sandal, SV

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival – representantskapen:

Medlem: Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Vara: Jakob Andre Sandal, SV

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane – rådsmedlem:

Medlem: Jenny Følling, Sp

Vara: Åshild Kjelsnes, Ap

Stiftinga Nynorsk Kultursentrums - rådsmedlem:

Medlem: Hege Lothe, SV

Vara: Jon Olav Kvamme, KrF

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) - utsendingar:

Utsending: Jenny Følling, Sp

Vara: Åshild Kjelsnes, Ap

Utsending: Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Vara: Jakob Andre Sandal, SV

Tusenårsstaden Gulatinget - styringsgruppa:

Medlem: Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Vara: Jakob Andre Sandal, SV

Kystpilegrimsprosjektet - styringsgruppa:

Medlem: Marita Aarvik, Frp

Vara: Jakob Andre Sandal, SV

Nynorskfylket - representant:

Medlem: Gunhild Berge Stang, V

Vara: Beate Bondevik Lie, KrF

Vestnorsk filmsenter – styremedlem:

Medlem: Hilde Kvamsås Aa, SV

Vara: Anne Lilleaasen, H

Representant til fagjury – kunstnarstipend:

Medlem: Erlend Herstad, Sp

Vara: Ivar Svensøy, Ap

SAK 18/15 Møteplan 2016 - hovudutval for næring og kultur

Frå fylkesdirektørane låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektørane rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Møteplan 2016 – hovudutval for næring og kultur:

Tysdag 9. februar

Tysdag 15. mars

Tysdag 12. april

Torsdag 12. mai

Tysdag 31. mai

Måndag 20. - tysdag 21. juni

Tysdag 27. september

Tysdag 25. oktober

Tysdag 22. november

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg som vart samråystes vedteke:

Tysdag 2. februar istadenfor tysdag 9. februar.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Møteplan 2016 – hovudutval for næring og kultur:

Tysdag 2. februar

Tysdag 15. mars
Tysdag 12. april
Torsdag 12. mai
Tysdag 31. mai
Måndag 20. - tysdag 21. juni
Tysdag 27. september
Tysdag 25. oktober
Tysdag 22. november

SAK 19/15 Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19

VEDTAK:

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2016-19.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19".
3. Driftsbudsjettet for 2016 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettetskjema 1A og 1B. Dette inneber at 2 173,076 mill. kr til driftsføremål vert fordelt på sektornivå slik i 2016:

| | Programområde | Budsjett 2016 |
|------------------------|---|----------------------|
| 400 | Politisk styring | 41,397 |
| 410 | Kontroll og revisjon | 4,289 |
| 420 | Administrasjon | 77,299 |
| 421 | Forvalningsutgifter i eiendomsforvaltningen | 9,370 |
| 430 | Administrasjonslokaler | 6,108 |
| 460 | Tjenester utenfor ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde | 0,675 |
| 480 | Diverse fellesutgifter | 11,403 |
| 715 | Lokal og regional utvikling | 11,863 |
| 716 | Friluftsliv og miljø | 5,756 |
| Sum forvaltning | | 168,160 |
| 510 | Skolelokaler og internatbygninger | 103,522 |
| 515 | Fellesutgifter og støttefunksjoner knyttet til videregående opplæring | 66,495 |
| 520 | Pedagogisk ledelse, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevsoppgjør | 120,419 |
| 521- 532 | Utdanningsprogramma | 331,951 |

| | | |
|------------|--|------------------|
| 554 | Fagskole | 24,329 |
| 559 | Landslinjer | 4,955 |
| 561 | Oppfølgingstjenesten og pedagogisk psykologisk tjeneste | 20,385 |
| 562 | Spesialundervisning og særskilt tilpasset opplæring | 70,203 |
| 570 | Fagopplæring i arbeidslivet | 99,533 |
| 581 | Voksenopplæring etter opplæringsloven | 5,706 |
| 590 | Andre formål | 9,936 |
| | Resultatoverføring opplæring | |
| | Sum opplæring | 857,434 |
| 660 | Tannhelsetjeneste - fellesfunksjoner | 18,089 |
| 665 | Tannhelsetjeneste - pasientbehandling | 63,557 |
| | Resultatoverføring tannhelse | |
| | Sum tannhelse | 81,646 |
| 700 | Tilrettelegging og bistand for næringslivet | 0 |
| 701 | Tilrettelegging, støtte-/finansieringsbistand næringslivet | 78 803 |
| 740 | Bibliotek | 5,882 |
| 750 | Kulturminnevern | 13,148 |
| 760 | Musèer | 16,654 |
| 771 | Kunstformidling | 9,943 |
| 772 | Kunstproduksjon | 11,490 |
| 775 | Idrett | 3,293 |
| 790 | Andre kulturaktiviteter | 11,010 |
| | SUM NÆRING og KULTUR | 150,223 |
| 722 | Fylkesveier, miljø- og trafikksikkethetsstiltak | 465,447 |
| 730 | Bilruter | 264,029 |
| 731 | Fylkesveiferjer | 115,963 |
| 732 | Båtruter | 107,875 |
| 733 | Transport (ordninger) for funksjonshemmede | 10,299 |
| | Sum samferdsle | 963,613 |
| | Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930 | -48,000 |
| | Til fordeling drift - frå skjema 1A | 2 173,076 |

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet og kome med framlegg til prinsipielle føringar for utgreiinga *innsparingspotensiale i tilbodsstruktur (#59)*.

Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne ny avtale med destinasjonsselskapa for åra 2016 og 2017, innanfor ei årleg ramme på 2,7 mill. kr og ny fleirårig avtale med Fjord Norge, innanfor ei årleg ramme på 3 mill. kr. Avtalane skal utarbeidast innanfor rammene til programområde 701 tilrettelegging for næringslivet.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleilingstenesta i samarbeid med partnarskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnarskapen.

I høve sluttSaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjøn stilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

4. Kapitalbudsjettet for 2016 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettkjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2016:

| | Budsjett 2016 |
|--|----------------|
| Investeringer i anleggsmidler | 607,071 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 2,000 |
| Årets finansieringsbehov | 609,071 |
| Finansiert slik: | |
| Bruk av lånemidler | 311,000 |
| Tilskudd til investeringer | 145,300 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 102,106 |
| Mottatte avdrag på utlån og refusjoner | 7,900 |
| Sum ekstern finansiering | 566,306 |
| Overført fra driftsbudsjettet | 18,145 |
| Bruk av avsetninger | 24,620 |
| Sum finansiering | 609,071 |

| Sektorfordeling | |
|-------------------------------|----------------|
| Forvaltning og fellesutgifter | 11,400 |
| Opplæring | 198,871 |
| Tannhelse | 4,000 |
| Samferdsle | 391,400 |
| Kultur | 3,400 |
| Sum fordelt - frå 2A | 609,071 |

5. Økonomiplanen sine rammer for 2017-19 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.
-

SAK 20/15 Fylkeskulturprisen 2015

VEDTAK:

Fylkeskulturprisen for 2015 blir tildelt Hilde Bjørkum.

SAK 21/15 Skriv og meldingar - Hovudutval for næring og kultur 24.11.2015

Hovudutvalet tok følgjande skriv til orientering:

1. Opera Nordfjord - evaluering av region- og distriktsopera / musikkteater

